

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/62/23

av 9. september 2002

om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til lyspærer, og om endring av vedtak 1999/568/EF(*)

[meldt under nummeret K(2002) 3310]

(2002/747/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for. Vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Dei miljøkriteria som vart fastsette ved kommisjonsvedtak 1999/568/EF av 27. juli 1999 om miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til lyspærer⁽²⁾, bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga. Samstundes bør tidsrommet som det nemnde vedtaket skal gjelde for, og definisjonen av produktgruppa, endrast.
- 5) Det bør gjerast eit nytt kommisjonsvedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit tidsrom på fire år.
- 6) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette vedtaket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved vedtak 1999/568/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa tidsrom på høgst tolv månader, slik at føretak som har fått tildelt eller har søkt om å få tildelt miljømerket for produkta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid til å kunne tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei nye kriteria.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet

for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000.

- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må ei lyspære høyre inn under produktgruppa «lyspærer» slik det er definert i artikkel 2, og sette dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

1. Produktgruppa «lyspærer» skal omfatte:

«lyspærer med éin sokkel»: alle lyspærer for vanleg lysgjeving som har éin bajonett-, skru- eller stiftsokkel. Lyspærene må kunne nyttast på det offentlege lysnettet.

«lyspærer med to soklar»: alle lyspærer for vanleg lysgjeving som har éin sokkel i kvar ende. Dette omfattar først og fremst alle rette lysstoffrøyr. Lyspærene må kunne nyttast på det offentlege lysnettet.

2. Produktgruppa omfattar ikkje følgjande typar lyskjelder: kompaktlysrøyr med innebygd magnetisk tennar, prosjektør-lamper, fotolamper og lysstoffrøyr til solarium.

Artikkel 3

For administrative føremål vert produktgruppa «lyspærer» tildelt kodennummeret «008».

Artikkel 4

I vedtak 1999/568/EF skal artikkel 3 lyde:

«*Artikkel 3*

«Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde fram til 31. august 2003.»

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 242 av 10.9.2002, s. 44, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 12/2006 av 27. januar 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 17 av 30.3.2006, s. 13.

(¹) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

(²) TEF L 216 av 14.8.1999, s. 18.

Artikkel 5

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. september 2002 til 31. august 2005. Dersom det ikkje er vedteke reviderte kriterium innan 31. august 2005, skal dette vedtaket gjelde fram til 31. august 2006.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «lyspærer», og som alt har fått tildelt miljømerket før 1. september 2002, kan halde fram med å nytte merket fram til 31. august 2003.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «lyspærer», og som alt har søkt om å få tildelt miljømerket før 1. september 2002, kan få tildelt miljømerket på dei vilkåra som er fastsette i vedtak 1999/568/EF. I slike tilfelle kan merket nyttast fram til 31. august 2003.

Artikkel 6

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 9. september 2002.

For Kommisjonen
Margot WALLSTRÖM
Medlem av Kommisjonen

VEDEGG

MÅLSETJING

Føremålet med kriteria

Desse kriteria skal særleg føre til:

- mindre skade på eller fare for miljøet som følge av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følge av bruk av ressursar, både i framstillinga og handsaminga/ disponeringa av lyspærer, ved at den gjennomsnittlege levetida deira vert lengre,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følge av bruk av kvikksølv, ved at dei samla utsleppa av kvikksølv vert lågare under levetida til lyspæra.

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk (så miljøvenleg bruk som mogleg) og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet. Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av lyspærer som har liten innverknad på miljøet.

Krav med omsyn til vurdering og kontroll

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førde opp under kvart kriterium. Prøvingane bør utførast av tilbørleg godkjende laboratorium eller av laboratorium som stettar dei generelle krava i standarden EN ISO 17025 og har kompetanse til å utføre dei relevante prøvingane.

Når det krevst at søkjaren skal leggje fram for det rette organet fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at kriteria er vortne stetta, kan dette kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane hans og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver. Det rette organet som vurderer søknaden, kan utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

KRITERIUM

1. Energieffektivitet, levetid, lysstyrke og kvikksølvinnhald

Lyspærer med éin sokkel skal stette dei følgjande kriteria:

	Lyspærer med éin sokkel og innebygd tennar (kompaktlysøyr)	Lyspærer med éin sokkel utan innebygd tennar (med stiftsokkel)
Energieffektivitet	Klasse A	Klasse A eller B
Levetid	over 10 000 timar	over 10 000 timar
Lysstyrke	over 70 % ved 10 000 timar	over 80 % ved 9 000 timar
Gjennomsnittleg kvikksølvinnhald	høgst 4,0 mg	høgst 4,0 mg

Lyspærer med to soklar skal stette dei følgjande kriteria:

	To soklar, normal levetid	To soklar, lang levetid
Energieffektivitet	Klasse A	Klasse A
Levetid	over 12 500 timar	over 20 000 timar
Lysstyrke	over 90 % ved 12 500 timar	over 90 % ved 20 000 timar
Gjennomsnittleg kvikksølvinnhald	høgst 5,0 mg	høgst 8,0 mg

NB: Energieffektiviteten er definert i vedlegg IV til kommisjonsdirektiv 98/11/EF av 27. januar 1998 om gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 92/75/EØF med omsyn til energimerking av hushaldslampar⁽¹⁾.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som viser at energieffektiviteten, levetida og lysstyrken til lyspæra er fastsette i samsvar med dei framgangsmåtane for prøving som er nemnde i standarden EN 50285. Rapporten skal opplyse om energieffektiviteten, levetida og lysstyrken til lyspæra. Dersom levetidsprøvinga ikkje er avslutta, skal den driftslevetida som produsenten har opplyst om på emballasjen, godtakast inntil prøvingsresultatet ligg føre. Prøvingsresultatet må likevel leggjast fram innan tolv månader etter at det er søkt om tildeling av miljømerket.

Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som viser at kvikksølvinnhaldet er målt ved hjelp av den metoden som er nemnd nedanfor. Rapporten skal innehalde opplysningar om det gjennomsnittlege kvikksølvinnhaldet, som vert rekna ut ved å analysere ti lyskjelder og deretter fjerne den høgaste og lågaste verdien før det aritmetiske gjennomsnittet vert rekna ut av dei åtte verdiane som er att.

Følgjande prøvingsmetode for kvikksølvinnhald skal nyttast: Det bogeforma utladingsrøyrret skal først skiljast frå den kringliggjande plasten og den tilkopla elektronikken. Klipp av dei tilkopla kontaktrådane så nær inntil glasforseglinga som råd er. Legg røyrret under eit avtrekk og skjær det i små bitar. Plasser så bitane i ei kraftig og høveleg stor plastflaske med skrukork saman med ei porselenskule med ein diameter på 1 tomme og 25 ml konsentrert salpetersyre med høg reinleiksgrad (70 %). Lukk flaska og rist henne i eit par minuttar slik at røyrret vert pulverisert. Losne på korken med jamne mellomrom, slik at det ikkje vert danna overtrykk. Lat innhaldet i flaska reagere i 30 minuttar medan flaska vert rista med jamne mellomrom. Filtre deretter innhaldet i flaska gjennom eit syrefast filterpapir, og samle opp innhaldet i ein 100 ml målekolbe. Bland kaliumdikromat i kolben til den endelege kromkonsentrasjonen er 1 000 ppm. Fyll deretter kolben opp til målemerket med reint vatn. Det skal framstillast ei rekkje standardløysingar innanfor eit konsentrasjonsområde opp til 200 ppm kvikksølv. Løysingane vert analyserte ved hjelp av flammeatomabsorpsjonspektroskopi ved ei bøljelengd på 253,7 nm med bakgrunnskorreksjon. Ut frå resultatata og den kjende løysingsmengda er det mogleg å rekne ut det opphavlege kvikksølvinnhaldet i lyspæra. Dersom det er naudsynt av tekniske årsaker, kan det rette organet gje samtykke til at einskilde delar av prøvingsmetoden vert tilpassa. Tilpassingane skal nyttast gjennomgåande.

2. Tenning/sløkking

Talet på tennings-/sløkkingscyklusar for kompaktlysrøyr skal vere over 20 000.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som viser at talet på tennings-/sløkkingscyklusar for eit kompaktlysrøyr er fastsett ved bruk av ein snøgg prøvingscyklus (0,5 minutt på, 4,5 minutt av) og dei framgangsmåtane for levetidsprøving som er nemnde i standarden EN 50285. Rapporten skal opplyse om kor mange tennings-/sløkkingscyklusar som vert gjennomførde når 50 % av dei kompaktlysrøyra som er prøvde, stettar dei krava til levetid som er nemnde i EN 50285.

3. Fargeattgjevingsindeks

Fargeattgjevingsindeksen (Ra) til lyspæra skal vere større enn 80.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som viser at fargeattgjevingsindeksen til lyspæra er fastsett ved bruk av den framgangsmåten for prøving som er nemnd i CIE-standard/publikasjon 29/2. Rapporten skal gje opplysningar om fargeattgjevingsindeksen til lyspæra.

4. Flammehemmande middel

a) Plastdelar som veg meir enn 5 gram, skal ikkje innehalde følgjande flammehemmande middel:

Namn	CAS-nr.
Dekabromdifenyler	13654-09-6
Monobromdifenyler	101-55-3
Dibromdifenyler	2050-47-7
Tribromdifenyler	49690-94-0
Tetrabromdifenyler	40088-47-9
Pentabromdifenyler	32534-81-9

⁽¹⁾ TEF L 71 av 10.3.1998, s. 1.

Namn	CAS-nr.
Heksabromdifenyleter	36483-60-0
Heptabromdifenyleter	68928-80-3
Oktabromdifenyleter	32536-52-0
Nonabromdifenyleter	63936-56-1
Dekabromdifenyleter	1163-19-5
Klorparafin med kjedelengd på 10-13 C-atom, klorinnhald > 50 vektprosent	85535-84-8

- b) Plastdelar som veg meir enn 5 gram, skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller stoffblandingar som inneheld stoff som på tidspunktet då det vert søkt om tildeling av miljømerket, er vortne tildelte ei av dei følgjande risikosegningane (eller kombinasjonar av dei):

R45 (kan føre til kreft)

R46 (kan føre til arvelege skadar)

R50 (svært giftig for vassorganismar)

R51 (giftig for vassorganismar)

R52 (skadeleg for vassorganismar)

R53 (kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet)

R60 (kan skade forplantingsevna)

R61 (kan gje fosterskadar)

slik det er definert i rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlege stoffer⁽¹⁾ og seinare endringar av direktivet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.

5. Emballasje

Det skal ikkje nyttast laminat og samansette plastmateriale.

For lyspærer med éin sokkel må all kartongemballasje innehalde minst 65 % attvunne materiale (etter vekt).

For lyspærer med to soklar må all kartongemballasje innehalde minst 80 % attvunne materiale (etter vekt).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.

6. Bruksrettleiing

Produktet skal seljast med ei føremålstenleg bruksrettleiing som inneheld råd om miljøvenleg bruk, særleg:

- Opplysningar (i form av piktogram eller anna) på emballasjen som skal gjere forbrukarane merksame på korleis produktet bør disponerast, og på kva reglar som gjeld for dette.
- For lyspærer med éin sokkel: lyspærer som ikkje kan nyttast med lysdemparar, skal merkjast, og storleiken og forma til ei lysstoffpære med innebygd tennar jamført med ei vanleg glødelampe skal visast på emballasjen.
- For lyspærer med to soklar: opplysningar på emballasjen om at den innverknaden som lyspæra har på miljøet, minkar når ho vert nytta saman med ein høgfrekvent elektronisk tennar.
- På emballasjen skal det nemnast at fleire opplysningar om miljømerket er tilgjengelege på nettstaden: <http://europa.eu.int/ecolabel>.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og leggje fram eit eksemplar av bruksrettleiinga for det rette organet som vurderer søknaden.

7. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

«Høg energieffektivitet

Lang levetid»

⁽¹⁾ TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

Dersom lyspæra ikkje inneheld kvikksølv, kan dette først opp i felt 2 av miljømerket.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar dette kravet, og leggje fram for det rette organet ein kopi av miljømerket slik det vil sjå ut på emballasjen og/eller produktet.
